

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 06.04.2017
SAKSHANDSAMAR: Agnes Landstad
SAKA GJELD: **Om tilsvar til rapport til styret i Helse Førde**

ARKIVSAK: 2016/3255
STYRESAK: **033/2017**

STYREMØTE: **28.04.2017**

FORSLAG TIL VEDTAK

- 1. Styret tek dokumentet "Tilsvar til rapport til styret i Helse Førde" frå Norsk overlegeforening og Yngre legers forening, datert 23.03.2017, til orientering.*
- 2. Styret viser til det samrøystes vedtaket i styresak 5/17 og oppfølging av lærings- og utviklingspunkta, samt løpande arbeid med å nå faglege og økonomiske mål for foretaket.*
- 3. Målet med omstilling og utvikling i Helse Førde er å sikre innbyggjarane trygge og moderne tenester med høg kvalitet. Det krev konstruktivt og respektfullt samarbeid om tenestene der alle spelar på lag, og breidda av kompetanse i organisasjonen vert nytta i ein open kommunikasjon. Dette arbeidet vert vidareført med brei involvering i organisasjonen slik at Helse Førde også i framtida fyller forventningane til tenestene frå brukarane og eigarane.*

Fakta

Styret mottok i etterkant av styremøtet 24.3. 2017 "Tilsvaret til rapport til styret i Helse Førde" signert tillitsvalde i Norsk overlegeforening og Yngre legers forening i Helse Førde, datert 23.3.2017.

Dokumentet er eit tilsvaret til faktarapporten "Rapport til Helse Førde HF" frå advokatfirmaet Steenstrup Stordrange DA og Administrativt forskningsfond v/NHH, datert 25. januar 2017. Faktarapporten var utarbeidd på oppdrag frå styret i Helse Førde etter varsel 8. november 2016 frå ein arbeidstakar retta mot tidlegare viseadministrerande direktør og mot føretaksleiinga sin forvaltningskultur. Etter at styret mottok brev frå ti føretakstillitsvalde 18. november 2016, vart også påstandar om brot på lov og avtaleverk som kom fram der, inkludert i faktagjennomgangen. Rapporten bygger på ei forundersøking, gjennomgang og analyse av store mengder dokumentasjon som e-post, møtereferat, sakspapir og presentasjonar haldne i ulike møte, og gjennomføring av intervju med 50 personar, medhøve til kontradiksjon. Ut over dei som var direkte berørte, var alle som meinte dei hadde informasjon som var vesentleg for faktagjennomgangen, via intranett inviterte til å ta kontakt med konsulentane som gjennomførte intervju.

Styret behandla faktarapporten i styremøte 27. januar 2017. Eit samla styre gjorde følgjande vedtak i sak 5/17 *Gjennomgang varsling og organisasjonsprosessar*:

- 1. Styret har motteke og gjennomgått ein grundig og omfattande rapport frå faktaundersøking i samband med varslingssak og brev frå tillitsvalgte.*
- 2. Varslingssaka gjev Helse Førde mogelegheit til ein grundig gjennomgang som også vil kunne nyttast i utviklings og læringsssamanhengar.*
- 3. Styret, leiing, tillitsvalte og verneteneste har eit felles ansvar for å sikre eit godt arbeidsmiljø og eit godt utviklingsmiljø. Helse Førde står framfor store endringar i tida som kjem når det gjeld tenesteutvikling og investeringar. Styret føreset at dette arbeidet får prioritet og at alle partar understøttar vidare arbeid med Pasientens helseteneste i Helse Førde.*
- 4. Styret gir styreleiar fullmakt til å følgje opp faktarapporten i samarbeid med administrerande direktør.*

I etterkant av styremøtet var føretakstillitsvalde inviterte til presentasjon av faktarapporten med opning for spørsmål og dialog med dei som hadde utarbeidd faktarapporten, og med styreleiar.

Oppfølging av varslingssaka er gjort i samsvar med rutinar i Helse Førde.

Styreleiar og administrerande direktør arbeider systematisk med oppfølging av utviklings- og læringspunkta som kjem fram i faktarapporten, og orienterer styret fortløpende om oppfølginga.

Originaldokumentet frå dei to legeforeiningane inneheld personnamn knytta til konkrete hendingar og fråsegner som er vurdert å vere omfatta av teieplikt i samsvar med forvaltningslova §13. Desse er difor strokne i det dokumentet som følgjer styresaka.

Kommentarar

Dokumentet frå dei to legeforeiningane inneheld påstandar om feil i faktarapporten og om manglande oppfølging frå styret, styreleiar og administrerande direktør.

Styret har behandla faktarapporten 27. januar 2017 og har merksemda retta mot det arbeidet som er i gang med oppfølging av utviklings- og læringspunkta for å legge til rette for ei god utvikling av tenestene i samsvar med styringsdokument og overordna føringar for tenestene, slik også styrevedtak i sak 19/2017 syner. Også tilbakemeldingar frå systematiske dialogar i linjeleiinga i organisasjonen har gjeve verdifulle innspel og råd til forbetnings- og utviklingsarbeidet. M.a. vert tempo sett ned på nokre område. Dei viktigaste prosjekta i "Pasientens helseteneste" vert prioritert først, og framdrifta vert vurdert også med omsyn til den økonomiske driftssituasjonen, linja vert nytta i aukande grad i prosjektarbeidet, saklister og referat frå interne møte vert gjort lettare tilgjengelege for alle i organisasjonen mv.